

Datatilsynet
Postboks 8177 Dep.
0034 OSLO

Deres referanse

Vår referanse
200703478/KVE

Dato
13. februar 2008

STATSBUDSJETTET 2008 - TILDELINGSBREV

Det vert vist til handsaming i Stortinget av St. prp. nr. 1 (2007-2008) og Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Med bakgrunn i denne har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gjev dei økonomiske rammene for Datatilsynet i 2008 og fastlegg prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

1.1 Budsjetrammer

1.1.1 Rammer

Utgifter:

Datatilsynet er tildelt **26,443 mill. kroner** fordelt på følgjande kapittel og post i 2008:

KAP. 1570 Datatilsynet

Post	Nemning	(i 1000 kr)	Budsjett 2008
01	Driftsutgifter		26 443
	Sum kap. 1570		26 443

1.1.2 Føresetnader for løyvingane

Løyving til informasjonstiltak er vidareført med 2 mill. kroner i 2008.

Endringar i utgifter/inntekter

Datatilsynet skal normalt dekkje uventa utgifter eller bortfall av inntekter i løpet av året ved

omdisponeringar innan den økonomiske ramma. Om dette ikkje er mogleg, må verksemda straks ta opp saka med departementet. Framlegg om justeringar skal omfatte:

- Grunngjeving for framlegg om endring av inntekter eller utgifter
- Grunnlag for løyvingsforslaget og vurdering av usikre moment knytt til framlegget
- Informasjon om tiltak som er gjort for å avgrense auken i utgifter eller reduksjonen i inntekter
- Framlegg til korleis auka utgifter /mindre inntekter kan verte dekte

1.2 Fullmakter

I samsvar med Reglement for økonomistyring i staten gir departementet i tildelingsbrevet eit oversyn over økonomiske og administrative fullmakter som vert delegerte til verksemda. Fullmakter som er direkte relaterte til St.prp. nr. 1/"Gul Bok" for terminen 2008 vert omtala i sjølvé tildelingsbrevet, mens andre økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg til tildelingsbrevet.

2. MÅL OG RESULTATKRAV

2.1 Mål

Datatilsynet har som overordna mål å syte for at personvernet blir teke hand om på best mogleg måte. Tilsynet har til oppgåve å verne den einskilde mot krenking av personverninteressene ved handsaming av personopplysningar. Verksemda skal gjennom tilsyn og sakshandsaming kontrollere at lover og forskrifter om handsaming av personopplysningar blir følgde, og at feil og manglar vert retta. Datatilsynet skal informere om utviklinga i samfunnet og aktuelle problemstillingar som gjeld handsaming av personopplysningar. Tilsynet har ei viktig rolle i å skape aktiv debatt og merksemrd om sentrale personvernspørsmål. Tilsynet skal òg overvake stillinga til personvernet i samfunnet på område der Datatilsynet ikkje har direkte vedtakskompetanse.

I internasjonal samanheng skal Datatilsynet delta i "artikkkel 29-gruppa" om personverndirektiv i EU og i nordisk og internasjonalt tilsynssjefs- og sakshandsamarmøte samt møte om tilsyns- og tryggingsfaglege spørsmål.

2.2 Resultatkraav og indikatorar

Datatilsynet skal i 2008 følgje opp hovudmålet om å ta hand om og styrke personvernet. Verkemidla er i hovudsak skildra i personopplysningslova § 42, og omfattar m.a. informasjon, rettleiing, kontrollverksemd og konsesjonshandsaming.

I samarbeid med Datatilsynet er det utarbeidd resultatindikatorar og rapporteringsrutinar for Datatilsynet sitt arbeid, slik at FAD får eit best mogleg grunnlag for overordna budsjettplanlegging og styring av verksemda. Med utgangspunkt i løyvinga som blir stilt til disposisjon, delegerte fullmakter, samt mål og prioriteringar som går fram av dette tildelingsbrevet, fastset FAD følgjande resultatindikatorar og krav til rapportering i 2008:

2.2.1 *Gjennomføre minst 130 tilsyn innan prioriterte område.*

Rapportering

- Omfanget av tilsyn (tal på stadlege og tal på brevlege tilsyn) og ressursar som har gått med innan dei ulike sektorane skal rapporterast tertialt.

- Årsrapporten skal i tillegg omfatte ei kvalitativ vurdering av tilstanden til personvernet, samt vurdering av effekt av tilsynsinnsatsen og Datatilsynets prioriteringar med omsyn til oppfølging i dei ulike sektorane på bakgrunn av tilsynsverksemda.

Tilsyn omfattar både tradisjonelle, stadlege tilsyn og brevlege tilsyn i etatar, bedrifter eller organisasjonar. Det vert lagt hovudvekt på stadlege tilsyn. Brevlege tilsyn kan føre til at andre tiltak og prosjekt vert sett i gang (forskrift/forskriftsendring/initiativ for bransjenorm etc.) etter at Datatilsynet har fått oversikt over situasjonen for fleire, likearta tilsynsobjekt.

2.2.2 Hjelpe til at personvernet blir tilstrekkeleg vektlagt bl.a. ved deltaking i råd, utval og samarbeidsfôra nasjonalt og internasjonalt og gjennom høyningsfråsegner.

Rapportering

- Deltaking i råd, utval og samarbeidsfôra og omfanget av høyningsfråsegner skal rapporterast tertialt.
- Årsrapporten skal i tillegg gje oversikt over ressursbruken i samband med dei nemnde oppgåvene og omtale effekten av Datatilsynet sin innsats.

2.2.3 Drive målretta informasjonsarbeid og skape medvit om personvernspørsmål gjennom rettleatingsarbeid

Rapportering

- Datatilsynet skal kvart tertial rapportere om:
 - Tal på registrerte oppslag i media der Datatilsynet er omtalt
 - Treff på ulike tema på heimesida til Datatilsynet
 - Kurs og foredragsverksemd
- Årsrapporten skal i tillegg omfatte:
 - Tal på personvernombod som er oppretta, tal på verksemder med fritak frå meldeplikt pga. at dei har personvernombod, samt ressursbruk i Datatilsynet knytt til personvernombod og ei kvalitativ vurdering av arbeidet til personvernomboda.
 - Tal på trykte publikasjonar og rettleiarar og etterspørselet etter desse.
 - Ressursbruk og ei kvalitativ vurdering av den samla målretta informasjonsverksemda.

2.2.4 Ha fristar for sakshandsaming der enkle saker blir handsama innan 5 veker og kompliserte saker i gjennomsnitt innan 10 veker

Rapportering

- Datatilsynet skal kvart tertial rapportere om
 - det finns saker som er koda som enkle som er over 5 veker gamle
 - talet på kompliserte saker som ikkje er ferdig handsama og kor lenge dei har vore til handsaming i tilsynet
 - svartid på telefonspørsmål til Datatilsynet
 - tal på svar frå Datatilsynet på spørsmål på telefon
 - tal på registreringar i meldebasen
 - tal på sakshandsama og tildelte konsesjonar
 - tal på e-poster det er gitt svar på
- Årsrapporten skal i tillegg omfatte:

- tal på saker innan ulike sektorar
- ressursbruk fordelt på sektorane og ei kvalitativ vurdering av effekten av ressursbruken

2.3 Særlege satsingsområde

Løyvinga til Datatilsynet vart auka i 2007 for å gjennomføre ei ekstra satsing på kommunikasjonstiltak. Datatilsynet har på grunnlag av Personvernundersøkinga frå 2005 utarbeidd eit framlegg til aktuelle informasjons- og kommunikasjonstiltak for dei kommande åra.

I 2008 skal Datatilsynet særleg prioritere vidareføringa av prosjektet "Ungdom og personvern", i samsvar med gjeldande arbeidsplanar. Prosjektet vart sett i gang i 2006, og det blei i 2007 gitt ekstra midlar til gjennomføringa. Eit undervisningsopplegg, i form av ei brosjyre, kampanjenettstad og filmsnutar som skal gi temaet merksemld skal distribuerast til ungdoms- og vidaregåande skular. Det skal også gjennomførast ein manuskonkurranse der temaet er personvern og digitale media.

Sommaren 2007 blei Datatilsynet òg tildelt ekstra midlar over kap. 1500 til gjennomføring av eit kunstprosjekt der temaet er personvern. Datatilsynet skal også prioritere gjennomføringa av dette prosjektet.

I 2007 har Datatilsynet utarbeidd rettleiingsmateriell om internkontroll retta mot verksemder. Datatilsynet skal prioritere oppgåva med å få dei ansvarlege i ulike verksemder til å ta i bruk dette materiellet. I 2007 har Datatilsynet arbeidd å styrke personvernombodsordninga. I 2008 vil denne satsinga bli evaluert.

2.4 Revisjon av regelverk på personvernområdet og oppgåver i samband med IT-meldinga.

Arbeidet med å revidere personopplysningslova vil venteleg innebere arbeidsoppgåver for Datatilsynet også i 2008. Det er Justisdepartementet som er ansvarleg for revisjonen, og omfanget av arbeidet avheng difor av dei.

I samband med oppfølging av St.meld. nr. 17(2006-2007) Eit informasjonssamfunn for alle vil Datatilsynet ha viktig kompetanse, som mellom anna vil kunne støtte arbeidet som vert planlagt i samband med Personvernkommisjonen. Datatilsynet må vere førebudd på at kommisjonens arbeid kan medføre oppgåver som krev tiltak frå tilsynet si side.

2.5 Fellesføringar

2.5.1 IKT-området

Elektroniske tenester

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemld må i utvikling av tenester vurdere korleis IT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege også gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet). Statlege verksemder skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria ¹ (WAI) for tilgjenge til nettbaserte tenester. Datatilsynet skal nytte WAI-

¹ Web Accessibility Initiative (WAI) er internasjonale kriterium for tilgjenge til weben.

kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettsteder.

2.5.2 Grøn stat – miljøleiing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Statlege verksemder må følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet.

Vidareføring av miljøleiing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleiing er eit verktøy for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Innføring av miljøleiing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleiingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På www.gronnstat.no er det samla rettleiingar, verktøy og relevante eksempler i samband med innføringa av miljøleiing.

Verksemda sin årsrapport skal innehalde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

2.5.3 Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgjevar

Datatilsynet skal ha fokus på god leiing, organisering og styring. Leiarar skal sette tydelege krav og verdsette innsats og resultat. Arbeidsforma i verksemda skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

Datatilsynet skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfold og bredde i kompetansen. Utvikling av dei tilsette sin kompetanse skal vere forankra i langsiktig kompetanseplanlegging. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøyting av eldre arbeidstakarar.

Datatilsynet skal vidare rapportere om planlagde og gjennomførte tiltak, samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltal i IA-området (minsk sjukefråværet, behalde og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen). Ei god oppfølging i verksemndene er sær viktig då departementet skal omtale utviklinga innanfor eige departementsområde i St.prp.nr 1.

2.5.4 Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsrapporten for 2008 skal det på denne bakrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) på tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

Definisjon mv.

Personar med innvandrarbakgrunn (som det skal rapporterast på) er definerte som personar:

- med to utanlandsfødde foreldre som er innvandra til Noreg
- som er fødde i Noreg med to foreldre som er fødde i utlandet

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) www.imdi.no gir råd og rettleiing til statlege verksemder i arbeidet med å rekruttere fleire innvandralar. Verksemndene kan ta kontakt med IMDi for råd og rettleiing i arbeidet, bl.a. for ferdig utarbeidd skjema for å kartleggje tal tilsette med innvandrarbakgrunn.

2.5.6 Likestilling - aktivitets- og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemder er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentleg forvaltingsorgan, jf. likestillingslova § 1. Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere ”kjønnsrelevansen” internt i organisasjonen og innafor dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Det følger vidare av likestillingslova § 1 at verksemndene skal rapportere om ”likestillingsstatusen” samt angi allereie gjennomførde, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i Datatilsynet sin årsrapport. Rapporten er m.a. eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av § 1 i likestillingslova.

2.5 Vurdering av risiko og vesentlege forhold som kan påverke måloppnåinga i Datatilsynet

FAD har drøfta med Datatilsynet risikoene for hendingar som kan gjere arbeidet til Datatilsynet vanskeleg og hindre tilsynet i å nå dei fastsette måla. Datatilsynet legg planar for dei ulike aktivitetane, men må i tillegg jamleg kunne ta opp aktuelle saker som òg til dels kan vere ressurskrevjande. Det er på denne måten Datatilsynet best kan oppfylle formålet med verksemda. Den samla vurderinga er at Datatilsynet, sjølv med dette kravet til å arbeide fleksibel, vil kunne oppfylle krava som er fastsett i St.prp. nr. 1 (2007-2008) og i dette tildelingsbrevet.

Datatilsynet må ha eit system for systematisk risikovurdering som gjer greie for risiko og konsekvens på dei einskilde resultatmåla. FAD ber om at Datatilsynet i samband med dei ulike rapportane gjer greie for si vurdering av risiko for måloppnåing på dei einskilde områda. Vurderinga bør vere kort og gjere greie for risiko og konsekvensen for målgjennomføringa, samt korleis Datatilsynet vil disponere for å handtere og redusere konsekvensane dersom dei identifiserte risikofaktorane slår til.

3. RAPPORTERING I 2008

3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2008

Det skal utarbeidast årsrapport for 2008 slik ”Bestemmelser om økonomistyring i staten”, punkt 1.5.1 krev. Frist for oversending av årsrapporten for 2008 blir gitt i det årlege rundskrivet om innrapportering til statsrekneskapen.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet ber om at det i årsrapporten for 2008 blir gjort greie for følgjande:

- Om verksemda har nådd mål og resultatkrav som er sett i St.prp. nr. 1 (2007-2008), tildelingsbrevet for 2008, samt andre relevante dokument.
- Rekneskaps- og budsjetttraport.

3.2 Rapportering i 2008

Datatilsynet skal leggje fram rapport for økonomistatus og resultat pr. tertial i 2008. Det blir vist til nærmare omtale av innhaldet i rapportane nedanfor.

Fristar for tertialrapporteringa i 2008:

- Rapport pr. 1. tertial: frist 24.05.2008
- Rapport pr. 2. tertial: frist 22.09.2008

3.2.1 Økonomirapportering

Det skal leggjast fram tertialrapportar over budsjett, rekneskap og forventa forbruk. Det blir bedt om at avvik over 5 % blir kommentert, og at nødvendige tiltak blir omtala. Tiltak for å halde rammene skal settast i verk.

Økonomirapporten skal på postnivå som eit minimum innehalde opplysningar om:

- Disponibel løyving (Tildelte middel og evt. overføringer)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. dei fullmaktene verksemda har
- Periodisert budsjett pr. tertial
- Rekneskap pr. tertial
- Forventa forbruk i 2008
- Forventa meir/mindreforbruk ved slutten av året

Ved utrekning av forbruk/inntekt på kvar post bør Datatilsynet gjere greie for føresetnader og usikre moment og forklare større avvik.

Vidare skal Datatilsynet i samband med tertialrapporteringa gjere greie for utviklinga i eventuelle krav der innkrevjinga er utsett.

3.2.2 Resultatkrov og andre føringar

Verksemda skal rapportere om resultat i høve til mål og krav som er sett i tildelingsbrevet. Dersom det i løpet av året blir vesentlege avvik i høve til resultatmål og andre føringar, jf. pkt. 2.1-2.5, skal verksemda i økonomirapporteringa orientere om avvik og om tiltak som vil verte gjennomført.

3.2.3 Rapportering til statsrekneskapen

Rapportering til statsrekneskapen skal oppfylle krava som er stilt i rundskriv R-8/2007 frå Finansdepartementet.

3.2.4 Datatilsynets årsmelding

Datatilsynet skal gi Kongen orientering om verksemda gjennom ei årsmelding, jf. § 42 i personopplysningslova. FAD ber om å få tilsendt årsmeldinga for 2008 så snart som mogleg i 2008 og seinast innan 10. februar 2008.

3.2.5 Plan for verksemda i Datatilsynet

FAD ber om at Datatilsynet sender planen for 2008 til departementet til orientering innan 1. mars 2008.

3.3 Styringsdialogen i 2008

FAD legg vekt på å utvikle styringsdialogen mellom leiinga i Datatilsynet og departementet. Det er planlagt to etatsstyringsmøte i 2008.

Tidspunkt for etatsstyringsmøta:

- Fyrste etatsstyringsmøte: 27. mars 2008. På møtet vert bl.a. årsrapport og årsmelding for 2007, plan for verksemda i 2008 og risikovurderinger i samband med dei fastsette måla gjennomgått.
- Andre etatsstyringsmøte: dato vert fastsett seinare. På møtet vert bl.a. rapport frå 2. tertial drøfta. Tema innan strategi og budsjettarbeid vert tekne opp på møtet.

4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i Datatilsynet i 2008 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten samt føringar gitt i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kap. 1507 stilt til disposisjon for Datatilsynet.

Med helsing

Heidi Grande Røys
Statsråd

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2008
2. Økonomistyringskalender for 2008

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen